

# **Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen**

## **8.4.2024**

### **Sak 1 Konstituering**

#### **Sakliste**

- 1 Godkjenning av innkalling og sakliste, val av to protokollunderskrivarar
- 2 Godkjenning av årsmelding
- 3 Godkjenning av revidert rekneskap
- 4 Gjennomgang av arbeidsplan
- 5a Gjennomgang av budsjett
- 5b Fastsetjing av satsar for medlemspengar
- 6 Val

# Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

## 8.4.2024

### Sak 2 Årsmelding for Kringkastingsringen 14.2.2023–8.4.2024

På årsmøtet 14.2.2023 vart dette styret valt:

Styreleiar: Jógvan Helge Gardar, 1 år  
Styremedlem: Olav Wixøe Svela, 2 år  
Styremedlem: Elise Kvien, 1 år  
Styremedlem: Hannah Kolås, 1 år  
Varamedlem: Arne Henning Årskaug, 1 år  
Varamedlem: Hans-Olav Rise, 1 år

Etter fullmakt frå årsmøtet har styret i perioden nemnt opp folk til to andre verv:

Revisor: Frida Pernille Mikkelsen  
Valnemnd: Sigrid Sørungård Botheim og Aksel Torsnes Mehlum

#### Styrearbeid

Det har vore fire styremøte i perioden. Sidan november har styreleiaren og den daglege leiaren hatt jamleg kontakt om saker som har trunge avklaring.

#### Medlemmer

Kringkastingsringen hadde 535 betalande medlemmer (inkl. livstidsmedlemmer) per 31.12.2023. Det inneber ein gledeleg auke frå året før, då det tilsvarande talet var 505. Auken heng saman med ein purrerunde i november og ein vervekampanje i november og desember (som gav 21 nye medlemmer fram til årsskiftet).

#### Økonomi

Rekneskapan for 2023 syner eit overskot på 61 667 kr. Overskotet kjem først og fremst som følgje av låg aktivitet i størstedelen av rekneskapsåret. I 2023 fekk Kringkastingsringen inn 151 200 kr i medlemspengar og 49 890 kr i gåver.

#### Administrasjon

Stillinga som dagleg leiar stod tom gjennom det meste av 2023, men Aksel Torsnes Mehlum vart tilsett som dagleg leiar (i 30 prosents stilling) frå 1.11.2023. Fram til 31.12.2023 leigde Kringkastingsringen kontor hjå Noregs Mållag, men leigeavtalen vart avslutta då Mållaget flytte til nye lokale, og arbeidet er no basert på bruk av heimekontor og lån av møterom når det trengst.

#### Aktivitet

Kringom er medlemsbladet for Kringkastingsringen og blir sendt i posten til alle medlemmer og dessutan ein del gratisabonnentar, særleg i NRK-systemet. I 2023 kom det to nummer, og i 2024 er det planlagt fire nummer. Saman med Kringom blir det sendt ut giro for medlemspengar og frivillige gåver. Den daglege leiaren skriv og samlar det meste av stoffet, og Fonna Forlag står for produksjonen.

Nettsidene (kringkastingsringen.no) har grunnleggjande informasjon om organisasjonen (t.d. kontaktpersonar, innmeldingsskjema, styringsdokument og tidlegare utgåver av Kringom), medan Facebook-sida blir oppdatert oftare. Facebook-sida hadde 706 følgjarar per 1.4.2024.

Styreleiaren har ei fast spalte i Norsk Tidend under vignetten *Media*.

Kringkastingsprisen for 2023 blir delt ut i april 2024. Det var seks nominerte kandidatar denne gongen.

Fram mot årsskiftet gjekk det mykje tid til å gå gjennom og pakke ned arkivet til Kringkastingsringen i samband med at kontoret måtte tømmast. Det historiske materialet er planlagt sendt til Nynorsk kultursentrum for arkivering og tilgjengeleggjering.

### **Representasjon**

Anne Svanaug Straume og Hans-Olav Rise har vore høvesvis nestleiar og styremedlem i Stiftinga Nynorsk pressekontor, og Jógvan Helge Gardar og høvesvis Kjartan Helleve og Aksel Torsnes Mehlum (før og etter februar 2024) har vore varamedlemmer.

Kristofer Olai Ravn Stavseng har vore nestleiar i Stiftinga Vener av Dag og Tid.

Den daglege leiaren har møtt fast i Nynorsk forum.

Oslo, 4.4.2024

Jógvan Helge Gardar (styreleiar) og Aksel Torsnes Mehlum (dagleg leiar)

## Rekneskap for Kringkastingsringen

Innkomer	Note	Rek 2023	BUD 2023	Rek 2022
Sal av tilfang		-		-
Medlemspengar		151 200	120 000	120 000
Gåver		49 890	85 000	85 639
Momsrefusjon		-	30 000	-
Anna		-		3 639
<b>Sum innkomer</b>		<b>201 090</b>	<b>235 000</b>	<b>209 278</b>
<b>Kostnader</b>				
Kringom		58 028	80 000	70 911
Tilfang for sal		-		-
Lønskostnader	1	66 318	70 000	293 327
Styrehonorar		-		
Styremøte		-		970
Husleige og straum		-	30 000	30 000
Drifts- og kontorutgifter		9 989	9 000	9 185
Revisjon		4 626	4 600	6 009
Møte og seminar		-		1 257
Kringkastingsprisen		-	10 000	
Deltaking andre møte		-		
Marknadsføring og verving		1 700		
Prosjekt		-		
Bankkostnader		2 903	3 000	2 741
Anna				
<b>Sum kostnader</b>		<b>143 563</b>	<b>206 600</b>	<b>414 400</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>57 527</b>	<b>28 400</b>	<b>(205 122)</b>
<b>Finanspostar</b>				
Finansinnkomer		4 140	1 000	1 618
Finanskostnader		-		-
<b>Resultat</b>		<b>61 667</b>	<b>29 400</b>	<b>(203 504)</b>

## Notar

### Note 1 – Lønskostnader

	2023	2022
Løn og feriepengar	57 887	241 362
Offentlege avgifter	7 693	35 624
Pensjonar	737	16 341
Sum lønskostnader	66 318	293 327

### Note 2 – Aksjar

Kringkastingsringen har aksjar i:

<i>Selskap</i>	<i>Tal</i>	<i>Kostpris</i>
Dag og Tid AS	54	1 350
AS Nye Troms	2	200
Sum aksjar		1 550

### Note 3 – Bankinnskot

<i>Konto</i>	2023	2022
Voss sparebank Folio	88 409	14 204
Voss sparebank Skattetrekk	10 308	11 844
Voss sparebank Vekst	154 736	190 786
Sum bankinnskot	253 453	216 834

### Note 4 – Skuldige off. avgifter og feriepengar

	2023	2022
Skatt	7 073	8 609
Skuldig arbeidsgivaragift	3 990	4 710
Skuldige feriepengar	3 395	26 198
Anna	480	470
Sum	14 939	39 987

## Jamvekt for Kringkastingsringen

Eige	Note	2023	2022
Aksjar	2	1 550	1 550
Krav		-	
Bankinnskot	3	253 453	216 834
Sum Eige		255 003	218 384
<b>Eigenkapital</b>			
Eigenkapital 01.01		178 398	381 902
Resultat		61 667	(203 504)
Sum opptent eigenkapital 31.12		240 064	178 398
<b>Skuld</b>			
Skuld til leverandører		-	-
Skuldige off. avgifter/feriepengar	4	14 939	39 987
Sum skuld		14 939	39 987
Sum eigenkapital og skuld		255 003	218 384

Oslo, 3. april 2024

Til årsmøte i Kringkastingsringen

### **Fråsegn om årsrekneskapen**

Eg stadfestar at eg som ettersynskvinne for Kringkastingsringen har kontrollert årsrekneskapen for 2023 med resultat 61 667 kroner, og jamvekt for 2023 med notar.

Som ettersynskvinne har eg ved stikkprøver kontrollert at dagleg leiar kan dokumentere banktransaksjonar med gyldige bilag og anna naudsynt dokumentasjon. Kontrollverksemda har ikkje avdekt brot på god rekneskapsskikk. Styret ved dagleg leiar kan gjere god greie for den økonomiske stoda i laget.

Rekneskapsarbeidet har i år vore overført til ettersynskvinna.

Eg konkluderer med at rekneskapen er ført rett, og at årsresultatet og jamvekta blir lagt fram på ein riktig måte for årsmøtet.

Med helsing



Frida Pernille Mikkelsen  
Ettersynskvinne

# Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

## 8.4.2024

### Sak 4 Arbeidsplan 2024–2025

Kringkastingsringen skal arbeide for at

- styresmaktene legg til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media
- språket i medieverksemdene speglar språkmangfaldet i Noreg
- fleire journalistar nyttar nynorsk

Det vil vi gjere gjennom følgjande tiltak:

#### 1 Påverke styresmaktene

Norsk språkpolitikk bør synast att i norsk mediepolitikk. Kravet om 25 % nynorsk i NRK har vore utruleg viktig for nynorsken. Diverre har krava til andre allmennkringkastarar ikkje vore like tydelege, og styresmaktene har heller ikkje nokon god strategi når det gjeld nye medieplattformer.

Kringkastingsringen skal løfte opp spørsmålet om nynorsk, dialekter og samisk i alle samanhengar der det er naturleg, og minne styresmaktene på at dette spørsmålet høyrer heime i mediepolitikken. Særleg viktig er dette i program retta mot born og unge.

#### Tiltak

- Skrive lesarinnlegg
- Levere høyringssvar på aktuelle saker, gjerne i samråd med Nynorsk forum
- Løfte fram problemstillinga i eigne kanalar
- Ha eigne møte med styresmakter og politikarar

#### 2 Følgje opp medieverksemdene

Skepsisen mot nynorsk er mindre enn kva han var tidlegare i redaksjonane. Men større nynorskdel kjem ikkje av seg sjølv. Difor skal Kringkastingsringen halde fram med å møte redaksjonane direkte og snakke om nynorsk og dialekt.

#### Tiltak

- Ha møte med kringkastingssjefen og leiinga i NRK
- Ha møte med TV 2 og andre kringkastarar
- Vere aktive i styra for Stiftinga Nynorsk pressekontor og Stiftinga Vener av Dag og Tid

#### 3 Møte journalistane

For at nynorsk og dialektene skal få den plassen dei har krav på i media, trengst det nynorskskrivande journalistar. Dei må òg ha den tryggleiken som trengst for å halde på språket sitt i ei bokmålsdominert medieverd. Her spelar journalistutdanningane ei viktig rolle.

#### Tiltak

- Sende helsing til nynorskpraktikantane kvart halvår
- Invitere Norsk Journalistlag til eit møte for å finne felles arbeidsområde
- Gje merksemd til nynorskskrivande journalistar

#### 4 Gjere organisasjonen synleg

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon, og det er viktig å vise fram kva arbeid som blir gjort



for medlemmene våre. Ein synleg organisasjon gjev oss større tyngd i møte med styresmaktene og medieverksemdene.

#### **Tiltak**

- Dele ut Kringkastingsprisen
- Dele ut kopp og diplom
- Vitje og helse landsmøtet i Noregs Mållag
- Arrangere opne temakveldar
- Gje ut Kringom fire gonger per år
- Nytte heimesida og sosiale medium til å nå ut med politikken vår
- Tilby nynorsk kurs
- Vere aktive i Nynorsk forum

#### **5. Styrkje organisasjonen**

Medlemmene våre gjev oss både tyngd som interesseorganisasjon og økonomiske ressursar til å drive utetterretta arbeid. Vi har jamt over svært lojale medlemmer, men aldersnittet er nokså høgt, og det er relativt få medlemmer under 30 år. Å auke medlemstalet er difor ei viktig oppgåve dei kommande åra.

#### **Tiltak**

- Ha ein ny vervekampanje hausten 2024
- Ha oppdatert vervemateriell

## Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen

8.4.2024

### Sak 5a Budsjett for 2024

<b>Inntekter</b>	
Medlemspengar	160 000
Gåver	110 000
Momsrefusjon	30 000
Renter	4 000
	<b>304 000</b>

<b>Kostnader</b>	
Kringom (fire utgåver)	120 000
Lønn, pensjon og off. avgifter	215 000
Husleige (frå 2023)	15 000
Driftsutgifter	4 000
Revisjon	3 000
Møte og seminar	2 000
Kringkastingsprisen	7 000
Marknadsføring og verving	5 000
Bankgebyr	3 000
	<b>374 000</b>

<b>Budsjettert resultat</b>	<b>-70 000</b>
-----------------------------	----------------

## **Ordinært årsmøte i Kringkastingsringen 8.4.2024**

### **Sak 5b Satsar for medlemspengar**

Ifølgje vedtektene er det årsmøtet som fastset satsar for medlemspengar i Kringkastingsringen. Det skal vere to satsar: éin for medlemmer over 30 år og éin for medlemmer under 30 år.

Satsane har i mange år stått uendra på høvesvis 300 kr og 150 kr.

#### **Innstilling frå styret**

Styret føreslår å auke satsane for medlemspengar til høvesvis 350 kr (for medlemmer over 30 år) og 200 kr (for medlemmer under 30 år) f.o.m. 2025.

**Kringkastingsringen**  
**Ordinært årsmøte 8.4.2024**  
**Sak 6 Val**

Valnemnda har hatt to medlemmer: Sigrid Sørungård Botheim og Aksel Torsnes Mehlum.  
Valnemnda har denne innstillinga til årsmøtet:

Styreleiar	Jógvan Helge Gardar (attval), 1 år
Styremedlem	Hannah Kolås (attval), 2 år
Styremedlem	Elise Kvien (attval), 2 år
Styremedlem	Erlend Blaalid Oldeide (ny), 1 år
Styremedlem	Olav Wixøe Svela (ikkje på val), 1 år att

1. varamedlem	Kristin Mork (ny), 1 år
2. varamedlem	Hans-Olav Rise (attval), 1 år
3. varamedlem	Beate Marie Dahl Eide (ny), 1 år
4. varamedlem	Arne Henning Årskaug (attval), 1 år

Revisor	Frida Pernille Mikkelsen (attval), 1 år
---------	---

I tillegg har styret følgjande innstilling:

Valnemnd	Sigrid Sørungård Botheim (attval), 1 år Kjartan Helleve (ny), 1 år Aksel Torsnes Mehlum (attval), 1 år
----------	--